



Adu AS
Postboks 75
5952

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2150 - 17/28725

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
06.10.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 132/23 Soltveit søndre

Tiltak: - Dispensasjon for oppføring av fritidsbustad.
 - Dispensasjon for opparbeiding av kjøreveg.
 - Rammeløyve for oppføring av fritidsbustad.
 - Igangsetting av opparbeiding av kjøreveg samt riving av fritidsbustad.

Byggjestad: Gbnr: 132/23
Tiltakshavar: Per Ovald Thomassen
Ansvarleg søkjar: Adu AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.07.2017.

Til orientering, så er det er søkt om dispensasjon frå utnyttingsgrad for oppføring av fritidsbustad på 115m². 90m² er kun veiledande (pkt. 3.5 i kommunedelplan Alverstraumen) då dette gjelder byggeområde for fritidsbustad og det er såleis ikkje nødvendig å søkje dispensasjon.

Til orientering, så vil dispensasjon frå LNF føremålet utan høve til spreidd utbygging for etablering av kjøreveg krevje eige vedtak etter jordlova. Deler av veg over 132/29 går over innmarksbeite og resten av vegen går over skog av med særst høyt bonitet. Saka blir oversendt landbruk når saka er komplett.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjon frå LNF føremålet utan høve til spreidd utbygging for oppføring av fritidsbustad er ikkje omsøkt. Vi har forstått det slik at dette kan innfortolkast som en del av dispensasjonssøknad frå arealplanar, men søknaden er ikkje spesifikt begrunna for denne del av dispensasjon. Det bes om ein kort grunngjeving for denne delen av dispensasjonssøknaden.
2. Søknad om rammeløyve og IG for etablering av veg:



Det er gitt personleg fullmakt til veg, men denne er ikkje privatrettslig sikra i forhold til vegrett. Vegrett skal følgje eigeiendomen, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 27-4. Vegrett skal fortrinnsvis tinglyst, sjå vedlagte erklæring. Dette inneber at vegretten må gis frå eigeiendom til eigeiendom, ikkje frå person til person.

- For å nytte Soltveitvegen må samtlige eigeiendomar gi vegrett til gbnr 132/23:
Gbnr 131/1, 132/3 og 132/4 fram til offentleg veg- kommunal veg- gbnr 132/45.
- For etablering av veg må gbnr 132/7 og gbnr 132/29 gi rettighet til 132/23 for å etablere veg.
Gbnr 132/7 for nærare plassering av veg til nabogrense enn 4 meter, sjå vedlagte erklæring.
Gbnr 132/29 for å kunne etablere vegen på denne eigeiendomen.

Gbnr 132/29 må signerast av eigarane Ina Remme, Ingvill Eide Per Odvald Thomassen.
Gbnr 132/7 må signerast av eigarane Ingvill eide Gullbrå og Bjørn Ove Isaksen har signert.
Dette var mangelfullt på noverande personlege fullmaktar.

3. Søknad om rammeløyve for oppføring av fritidsbustad

- Søknad om utsleppsløyve for svartvatn
- Søknad om løyve til etablering av minirensanlegg med utslepp til bekk med heilårsvassføring, jf. pbl. § 20-3 og § 20-1. Det blir ikkje godtatt septiktank m/spreietank då oppføring av fritidsbustaden er eit nytt tiltak som følgjer dagens regelverk, sjølv om eigeiendomen allereie har ein avlaupsløysning tilknytt den nedbrente fritidsbustaden.
- Søknad om utsleppsløyve, jf. pbl. § 27-2.
- Dokumentere betryggande og tilstrekkeleg drikkevatt, samt sløkkevatt, jf. pbl. § 27-1.
- Det manglar PRO: Arkitektur fritidsbustad og PRO: Arkitektur veg.

Nabovarsling for etablering av avlaupsanlegget og utsleppsløyve

Merk at naboar har minst 4 veker til å kome med merknader til søknaden.

Søknaden er svært mangelfull og har vore vurdert som eit avvisningsvedtak, men vi har valt å gje ansvarleg søker moglegheit til å rette opp manglane i saka. Det vert gjort merksam på at innsendt søknad ikkje er komplett og sakshandsamingsfristen går frå komplett søknad er sendt kommunen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 01.12.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Erklæring om rettighet i fast eigedom - Statens Kartverk

Naboerklæring i samsvar med pbl. § 29-4

Adu AS

Mottakarar:

Adu AS, Per Ovald Thomassen

Postboks 75

5952

Per Ovald Thomassen

Eliasmarken 13

5164

LAKSEVÅG